

ÅRBOK FOR KARMSUND

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1951 — 1955

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE
OG
SAMARBEIDSNEMNDA FOR BYGDE- OG BYBØKER I KARMSUND
1956

FORORD

Årbok for Karmsund er eit framhald på eit utvida grunnlag av dei årshefte som med års mellomrom er utgjevne av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene, det fjerde i rekka. Sidan siste årshefte kom ut i 1950, er det kome til ein ny lokalhistorisk samskipnad, *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*, som har nær tilknyting til museums- og historielaget og er i røynda sprungen ut frå det.

Då dette skriftet skulle planleggjast, fall det av seg sjølv at det kom i stand eit samarbeid om det mellom museums- og historielaget og den nye samskipnaden for historienemndene i Karmsund, og det var naturleg å gi skriftet eit namn som uttrykkjer dette samarbeidet. I namnet ligg ein lovnad eller eit ynskje om å koma att, og med det nye arbeidsgrunnlaget som nå er skapt, skulle det ikkje vera umogeleg å gjera Årbok for Karmsund til eit årvisst forum for det lokalhistoriske og kulturhistoriske arbeidet her i distriktet. Når det gjeld stofftilfang, viste det seg i minsto alt ved dette skriftet at her er rike kjelder å ausa av, og her er mange både kunnige og interesserte lokalhistorikarar i Karmsund.

Skriftstyret rettar ei varm takk til dei som har skrive i årboka og til dei forretningsfolk, bankar og andre som ved sine lysingar har gjort det mogeleg å få henne prenta, og det vonar at dette tiltaket vil bli møtt med så stor samhug og interesse mellom folk i bygd og by at det gir mot til å koma snart att.

INNSAMLING AV BILETMATERIALE

Der er ei viktig grein av innsamlinga av materiale til lokalhistoria som kanskje ikkje vert lagt så mykje vekt på som det skulle. Det gjeld biletstoffet. Ofte vert det vel det siste ein ofrar ein tanke. Når manuskriptet er ferdig, og boka skal prentast, kjem turen til illustrasjonane; det skal fulla gjerne vera noko bilete med til å pynta opp sidene. Men då er det i seinaste laget. Utvalet må då meir gjerast på slump av det tilfang av bilete som ein kan ha for hand eller koma over i ein fart, så ikkje arbeidet skal verta forseinka.

Biletstoffet i ei bygdebok eller ei bybok og i historiebøker i det heile, skal ikkje berre pynta sidene. Det er viktig kjeldemateriale på høgd med det skrivne ordet. Men skal det bli det, må innsamlinga her vera like omhugsam og godt planlagt som alt det andre i boka. Historienemndene må ha dette klårt for seg frå første dagen dei tek til med samlararbeidet. Dette arbeidet har den føremon framfor innsamling av anna kjeldemateriale, at det er etter måten eit lett og liketil arbeid, så det kan vera med det første nemndene prøver seg på. Men det gjeld her like mykje som i alt samlararbeid at ein er omhuggeleg og arbeider med plan. Det er ikkje mykje gagn i eit stort innsamla biletmateriale, dersom det den dagen dei skal nytta det, ikkje kan finna ut kva eller kven det og det biletet førestiller. Difor må alle opplysningar og data skrivast bakpå kvart biletet på staden der ein får det. Gamle portrettalbumar må saumfarast kring i heimane; dei er sterkt i faresona nå, avdi dei er ikkje på mote lenger. Det kan vera reine gullgruver for historienemndene. Men det gjeld om å få eldre folk, som kjenner biletet i dei, til å fortelja kven det er, og så notera bakpå biletet med det same. Sjølv om ein ikkje kan få biletet med seg, bør dette gjerast, og så får ein notera opp kvar biletet finst, men best er det sjølvsagt om ein kan få det med det same.

Dette å ta hand om det gamle biletaterialet er ei så viktig sida av det lokalhistoriske arbeidet, at det må få høg prioritet!

N. H. T.